



Referat

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	8.desember 2020, kl. 10:00 – 13:00
Møtestad:	Digitalt møte på Teams
Møteleiar:	Åslaug Bøhn Botnen
Til stades:	Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Stein Johnny Heggstad (brukarrep.), Olav Lødemel (Voss sjukehus), Grete Lill Hjartnes (SSE), Britt Heidi Tefre (NSF), Solrun Hauglum (Vaksdal), Åslaug B. Botnen (Kvam), Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli), Randi-Luise Møgster (HUS), Odd Ivar Øvregård (prosjektleiar utviklingsplanen), Ragnhild Rykkje (fagforbundet), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord)
Fråfall:	Kjersti Nordanger (Voss), Åshild Sønsteby (Ulvik),
Referent:	Reidun Braut Kjosås (SSE)

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
42/20	Godkjenning av innkalling og saksliste	V
43/20	Godkjenning av referat frå møtet 15. september 2020 Referatet vart godkjent utan merknader	V
44/20	Referat frå møte i underutvala <ul style="list-style-type: none">○ UFAB<ul style="list-style-type: none">○ møte 01.09.20○ Underutval rus og psykisk helse<ul style="list-style-type: none">○ møte 26.11.20○ Underutval rehabilitering<ul style="list-style-type: none">○ møte 30.09.20○ Underutval barn og unge<ul style="list-style-type: none">○ møte 24.09.20○ Underutval Pleie og omsorg<ul style="list-style-type: none">○ møte 20.09.20 <p>Mange gode referat og mykje godt arbeid som skjer i underutvala. Det var ingen merknader til referata.</p>	O

45/20	<p>Covid 19</p> <p>Dag Erlend Skjelbreid (kommuneoverlege i Kvam) sit saman med Kjersti Nordanger (kommunalsjef i Voss) i koordineringsgruppa.</p> <p>Dag Erlend orienterte om arbeidet i koordineringsgruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Koordineringsgruppa skal ivareta koordinering og samhandling på overordna strategisk nivå mellom partane. - Nyttig å delta i koordineringsgruppa, men tidkrevjande - Ei god gruppe for informasjonsflyt og diskusjon - Testing har vore eit hyppig tema <ul style="list-style-type: none"> o Flott at LAB har delteke i mange møter. o Hentetenesten har vore god. Dette har vore viktig for kommunar i distrikta. o Nyleg introdusert hurtigtestar. Særleg nyttig ved større utbrot - Møtefrekvens juster i høve status i pandemien. <ul style="list-style-type: none"> o er pr. no x 1 pr. veke - Løpande diskusjon om ressursar, status i dei ulike kommunane og deler av helseføretaket. <ul style="list-style-type: none"> o Gode diskusjonar knytt til handtering av pasientar på rett nivå - Oppretta underutval <ul style="list-style-type: none"> o Personell, Pasientflyt, Forsyning smittevernustyr o Underutval pasientflyt har vore meir til nytte for større og meir sentrale kommunar enn for dei ute i distrikta - Informasjonspandemi vedvarande - Vaksinasjon er eit føreståande tema <ul style="list-style-type: none"> o Kva vaksiner får me ? o Når kjem dei ? o Korleis skal vaksininga føregå ? 	0
46/20	<p>Handlingsplan 2020 og 2021</p> <p>SSE orienterte om saka</p> <p>Det kom innspel om at DIPS Arena vert inkludert i punktet om Digital samhandling.</p> <p>Vedtak</p> <ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2020 til orientering. • Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til utkast til handlingsplan for 2021 og ber SSE legge fram endeleg Handlingsplan til handsaming i februar 2021. • Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde ber SSE om at rettleiar til representasjon og deltaking i arbeidsgrupper vert sendt ut til alle deltakarar ved oppstart av arbeid i ulike arbeidsgrupper/ressursgrupper med partssamansett representasjon. 	0/V
47/20	<p>Årleg gjennomgang av avtaleverket</p> <p>SSE orienterte om saka</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka.</p>	V

48/20	<p>Revisjon av tenesteaftale 11 og 12 Øyvind Østerås Avdelingssjef /avdelingsoverlege Akuttmedisinsk avdeling i Helse Bergen orienterte om saka</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde meiner avtalen er klar for signering.</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde har følgjande innspel til avtalen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er ikkje behov for politisk handsaming i kommunane. Kan vera behov for det når ein skal lage særavtalar. 	V
49/20	<p>Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling Odd Ivar Øvregård orienterte om status i prosjektet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innspelsrunden er omfattande og tek tid men er og særns nyttig. - Det er gjennomført møter med mange kommunar og fleire står på agendaen i nærmaste framtid. - Alle tre arbeidsgruppene er i gang med arbeidet - Innspel frå fastlegar vert gjort i samarbeid med PKOane i føretaket, i møte med kommuneoverlegar som og er fastlegar samt eigen høyringsrunde med fastlegar/legeforeininga. <p>Oversikt over kven som er med i dei ulike arbeidsgruppene ligg ved referatet.</p> <p>Synspunkt som kom fram i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er både viktig og forventa at alle kommunane får ta del i strukturen på strategisk nivå (slik SU/SR er i dag). - Kommunane er politisk styrt og politisk behandling krev tid. Det må takast omsyn til den politiske styringa i dette arbeidet. <p>Vidare arbeid fram til januar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Odd Ivar skal gjennomføre resterande møter med kommunane, - skal ha dialog med PKO, - møter i arbeidsgruppene - dialog med fastlege/legeforeining <p>Prosjektlear tek imot innspel frå alle som ønskjer det. Dersom samarbeidsrådet ønskjer å gje ei felles uttale kan dei gjera det.</p> <p>På bakgrunn av kommunemøta, møta med arbeidsgruppene og eventuelt andre innspel som kjem inn, utarbeider prosjektlear eit forslag til «Felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling». Dette forslaget skal via AK og deretter orienterast om i Toppleiarmøtet 28.jan. Vidare prosess er tilbake til SR/SUà for drøfting der.</p>	O/D
50/20	<p>Felles opplæringsprogram for å spreie bevisstheit, kunnskap og kompetanse SSE orienterte om saka</p> <p>Kvam herad har nytta KS-læring ei tid og har gode erfaringar med dette.</p> <p>Saka handlar om eit viktig tema som det er ønskje om at vert sett i gang. Prosjektet er kanskje større enn det som var tanken ved oppstart. Det er derfor behov for avklaringar knytt til</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kor omfattande? • Skal det organiserast som eit prosjekt? • Kva skal inkludrast i arbeidet (Helsefellesskap/dei 4 prioriterte gruppene, rapport vel heim, Dips Arena mm)? 	O/D

	<ul style="list-style-type: none"> • Kostnad og fordeling (bruke nøkkelen som for Saman.no)? <p>Ønskjer om at arbeidet vert ført vidare og kjem opp som eiga sak i 2021.</p>	
51/20	<p>Møteplan for samarbeidsutvala og andre fellesorgan i samarbeidsstrukturen 2021</p> <p>SSE orienterte om saka</p> <p>Kvam har ikkje høve til å delta i SR møtet i des. 2021. Avventar og ser om andre SU må «snu» på sine møter.</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til forslag til møteplan for 2021 men med ein merknad:</p> <ul style="list-style-type: none"> - AK møtet 29.jan bør flyttast til før Toppleiarmøtet 	V
52/20	<p>Tverrfaglig Spesialisert Behandling (TSB)</p> <p>Pål Ove Vadseth, Leiar i Seksjon for helsetenesteutvikling i Helse Bergen orienterte om saka.</p> <p>Presentasjonen ligg vedlagt.</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering.</p>	O/D
53/20	<p>Rapportering frå arbeidsutvalet sitt arbeid og Møteplass for habilitering og rehabilitering 2020</p> <p>SSE orienterte om saka</p> <p>Det er viktig med brei representasjon i «Møteplassen». Samarbeidsrådet ønskjer å høyre kva dei andre SU tenkjer før dei melder tilbake.</p> <p>SSE føl opp saka.</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek rapporten frå arbeidsutvalet til orientering og vil komme tilbake med namn på utvalet/rådet sin representant og vararepresentant innan utgangen av desember 2020</p>	O/V
54/20	<p>Oppfølging av fakturarutiner - Divisjon psykisk helsevern</p> <p>Randi-Luise Møgster Viseadministrerende direktør i Helse Bergen orienterte om saka</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering.</p>	O/D
55/20	<p>Tilskotsordning for sekretariatsfunksjon for kommunar i helsefelleskap</p> <p>SSE orienterte om saka.</p> <p>Det kom ingen innspel til søknaden i møtet, men om nokon har innspel til søknaden må det sendast til Reidun (SSE) eller Åshild så raskt som mogleg.</p>	O
56/20	<p>Fagleg integrasjon psykisk helsevern og rusmedisin – innføring av tiltak</p> <p>Randi-Luise Møgster Viseadministrerende direktør i Helse Bergen orienterte om saka. Presentasjonen var sendt ut i forkant og lagt ved referatet.</p>	V

	<p>Underutval for psykisk helse og rus har eit pågåande arbeid som er i tråd med denne saka. Kvam herad ved Anne Merete Flekstad Vik er aktivt med i dette arbeidet</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehus ber Kvam herad/Åslaug sjekka med Anne Merete om ho har høve til å delta i dette arbeidet. Tilbakemelding vert sendt Alf Georg Sørensen (prosjektleiar).</p>	
57/20	<p>Toppleiarmøtet 2021 Kommunane i Voss lokalsjukehusområde har teke på seg å vera arrangør for Toppleiarmøte januar 2021.</p> <p>Arrangørkommunane har søkt Samarbeidsrådet om støtte til gjennomføring av Toppleiarmøtet 2021. Søknaden ligg ved referatet.</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde støttar søknaden</p>	V
58/20	<p>Orientering frå partane Voss sjukehus</p> <ul style="list-style-type: none"> - Status pandemien: per nå ingen innlagt men har vore ein krevjande periode då fleire har vore isolert pga. mistanke om smitte. - Voss Herad ser på moglege ny organisering/plassering av legevakt - Mykje prosjekt knytt til samla plan for Voss sjukehus 2035 - Arbeider aktivt med digital heimeoppfølging - Krevjande økonomisk situasjon (reduisert aktivitet på grunn av pandemi fører til reduserte inntekter samt høgare kostnader knytt til handtering av pandemien) - Hospitering er sett på vent <p>Bjørkeli DPS</p> <ul style="list-style-type: none"> - God aktivitet. Få tilsette som har vore i karantene i løpet av hausten. Det har og vore eit godt samarbeid i pandemien (testing av tilsette mm) - Fleire tek i bruk digitale løysingar for oppfølging - Har innført Dips Arena, dette har gått fint - Høgt belegg på døgnpost og stor pågang. Får og melding om at mange etterspør tenester ute i kommunane. <ul style="list-style-type: none"> o Me må kanskje forventa ei auke i behovet for psykisk helsevern som konsekvens av pandemien <p>Eidfjord</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har gjennomført felles øving knytt til smitte (saman med fylkesmannen og Ulvik kommune) <p>Vaksdal</p> <ul style="list-style-type: none"> - Hatt eit stort utbrot som dei har greidd å få kontroll på - Skal byggje omsorgsbustadar på Vaksdal. Eit tilbod som i omsorgstrappa tilsvarar sjukeheimar. <p>Kvam</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pandemien pregar oss. Har hatt fleire mindre utbrot. Me opplever god samhandling - Planlegg no for vaksinerings - Økonomien er krevjande (nye innsparingskrav) 	O
59/20	Eventuelt	